

# Vågar eg å tru på ei framtid for kyrkja – og for verda?

Ei skisse til eit håpsrekneskap (1 Pet 3,15)

«Hald Kristus heilag som Herre i hjartet!  
Ver alltid førebudde, så de kan svara for dykk  
når nokon krev dykk til rekneskap for det håpet de eig.» (1 Pet 3,15)

## Kjære medarbeidarar og medvandrarar.

Takk for fine dagar i lag, og takk for rausheit og barmhjertigheit som eg kjenner meg omslutta av i dette fellesskapet som Tunsberg bispedømme utgjer. Det har vore eit stort privilegium å få gjere teneste i eit nokså *uvanleg* oppdrag, som ein må kunne seie at bispetenesta er – som eit ganske *vanleg* menneske. Trua mi er som dei fleste andre si: ei blanding av tvil og håp, spørsmål og svar, usikkerheit og lengt.

Eg har ikkje slåande svar på alt mellom himmel og jord, men trua mi kviler i kyrkja si tru. Mi lille vedkjenning finn rom i kyrkja si store vedkjenning. Det perspektivet kviler eg i.

## Om kyrkja

Ordet kyrkje kjem som kjent frå det greske *kyriakon* eller *kyriake*, som rett og slett betyr *det som høyrer Herren til*.

Så om eg heilt frå starten av skal antyde eit svar, må det ta sitt utgangspunkt nettopp her. Kyrkja er ikkje mitt eller vårt prosjekt, men Guds eige.

*Guds kirkes grunnvoll ene er Herren Jesus Krist. Ved ord og vann alene hun er hans verk for visst.*

Kyrkja er ei gåve og eit teikn på Guds nærver i verda. Ho blir ikkje boren av menneskes dyktigheit, men av Guds handling gjennom ordet og sakramenta. Kyrkja er eit nådefellesskap og ei gåve både til den enkelte og til samfunnet, ja, til verda som heilskap.

## Om verda

I teologien kan ordet *verda* bety fleire ting. Somme av oss er oppdratt til å sky verda, for alle sine fristelsar og farar.

Men saka er jo at verda er skapt til Guds ære, for å vise den fram og kommunisere den.<sup>1</sup> Gud hadde ingen annan grunn for å skape verda enn sin kjærleik og godheit. «*Skapningar vart til når kjærleikens nøkkel opna si hand*»<sup>2</sup>, heiter det hos ein av kyrkjjas store teologar

<sup>1</sup> Catechism of the Catholic Church, s 68f

<sup>2</sup> Thomas Aquinas, sitert i CCC, s 69

Verda er *vår felles heim*, seier pave Frans i sin encyklika *Laudato si*. Tilsvarande også i Bispemøtets hefte *Guds skaperverk – vårt hjem*, som oppfordrar til refleksjon og handling i møte med klimakrisa verda står overfor.

Om ein dreg ei skarp grense mellom kyrkja og verda, blir resultatet ofte at ein overlet verda til seg sjølv og tenkjer at kyrkja si oppgåve er å overtyde og overtale, og drage fleire over grensa og inn i kyrkja sitt fellesskap.

Dette kan fortone seg som ein blindveg. For det er den grunnleggande likskapen mellom menneske, sidan alle er skapte av Gud, som er Bibelens utgangspunkt. Kristus er ikkje berre i kyrkja, han er over alt. Skaparverket er Guds første bok, lærer vi av tradisjonen rundt franciskanaren Johannes Duns Scotus, ja, han talar om *den første inkarnasjonen*, og at Gud finst allereie over alt. Han har meddelt seg i sjølve skapinga. Verda er gjennomsyra av Guds nærver, og Gud er trådt inn i det materielle.

Det kan høyrast nesten panteistisk ut, men i staden for å seie at Gud og universet er identiske, seier *panenteismen* at alt er i Gud, men Gud er *meir enn alt*. Han er både nærverande i skaparverket, og han er større enn skaparverket. I Kolossarbrevhymnen heiter det at *i ham er alt blitt skapt, i himmelen og på jorden, det synlige og det usynlige, (...) – alt er skapt ved ham og til ham. Han er før alt, og i ham blir alt holdt sammen.* (Kol 1,16f)

Den heilage Frans av Assisi ville, kvar gong han beundra sola, månen eller dei minste dyra, bryte ut i song og trekkje skapningen for øvrig inn i si lovprising. Han stod i eit fortruleg forhold til heile skapningen og forkynte til og med for blomstene og innbaud dei til å lovprise Herren, som om dei var utstyrt med fornuft.<sup>3</sup>

Den svenske erkebiskopen og fredsprisvinnaren Nathan Söderblom sa ein gong at vi har ein forbundsfelle i kvart menneske, «*ein hemmeleg fortruleg i kvart menneskehjarte*».

Med eit slikt utgangspunkt blir ikkje kyrkja si oppgåve å skjerme oss mot verda, men tvert imot å gå ut i verda og leite etter tilknytningspunkt i kvart menneskemøte. Kyrkja er Guds instrument for å gjere det lettare for menneske å «*dyrke og passe hagen*», slik det står i den andre skapingsfortellinga (1. Mosebok 2,15). Det håpet og livsmotet og den framtidstrua evangeliet gir oss, er riva, greipet og spaden som vi dyrkar og passar jorda med. Å *dyrke* vil seie å kultivere, pløye og bearbeide, mens *passe* vil seie å beskytte, overvåke, bevare og oppretthalde. Ifølgje pave Frans inneber det eit forhold mellom menneska og naturen prega av ansvarleg gjensidigheit.<sup>4</sup>

---

<sup>3</sup> Laudato si, s 15f

<sup>4</sup> Laudato si, s 59

## Det verda er tenkt å vere

Når vi feirar gudsteneste, er det for at verda skal bli det den er tenkt å vere. Ikkje redusert til nytteverdi eller formål for vår eigen tilfredsstillelse, men råmateriale for takk og tilbeding.

Heile tilveret er ein einskap, der kvar tilsynelatande banal detalj har ei sakramental meining for vårt forhold til Gud. Det blir heilt feil å dele opp livet i ein åndeleg og ein verdsleg del.

Alt som eksisterer er Guds gåve til mennesket, og alt dette eksisterer for å gjere Gud kjend for mennesket, for å gjere menneskets liv til fellesskap, kommunion med Gud.<sup>5</sup>

Gud velsignar alt han skaper, og på bibelsk språk betyr det at han gjer heile skapelsen til teiknet og midlet for sitt nærver og visdom, sin kjærleik og si openberring.

Den ortodokse teologen Alexander Schmemmann seier i si lille bok *For verdas liv* at «mennesket skulle vere prest i ein eukaristi, som ber verda fram for Gud, og gjennom denne framberinga får vi motta livets gåve.»<sup>6</sup>

Somme gonger, og særleg når eg forrettar nattverden versus populum, og kyrkjedøra er open ut mot torget og byen, får eg denne sterke påminninga om det mysteriet som handlar om kyrkja og verda.

Når alteret står mellom meg og verda. Kyrkja open mot verda. Med eit sentrum som ligg utanfor seg sjølv, ber kyrkja på ein visjon om ei meir menneskeleg verd.

Ingenting i denne verda er oss likegyldig, seier avdøde pave Frans.

Ei kyrkje som ikkje er utadretta, mister nokså snart kjensla for sin identitet og sitt oppdrag. Som eit medlem i kyrkja er det mi oppgåve å elske verda saman med Gud. Når vi i vår tid snakkar mykje om opne kyrkjer, er det opplagt kyrkjedører som slår *ut* og ikkje inn.

Blant våre takkebøner etter nattverden finst ein bearbeidd og forkorta versjon av Olov Hartmans bøn i den svenske gudstenesta. Eg vil gjerne lese den svenske originalen, som uttrykkjer endå rikare dette perspektivet:

- *Kristus, vi tackar dig för din ousägligt rika gåva.  
Du blev ett svar på vår bön,  
ett bröd för vår hunger.  
Hjälp oss nu att vara ditt svar till dem,  
som saknar vad vi äger i överflöd.  
Hjälp oss att höra det rop som du har hört,  
förstå den nöd som du har förstått,  
tjäna den mänsklighet som du har tjänat.*

<sup>5</sup> Alexander Schmemmann, *För världens liv*, s 16

<sup>6</sup> Schmemmann, *För världens liv*, s 18

*Uppenbara för oss ditt bords hemlighet:  
ett enda bröd och  
en enda mänsklighet. Amen.*<sup>7</sup>

Kvar gong vi bryt nattverdrødet, er det ei solidaritetshandling som forpliktar. Då blir gudstenesta bunden saman med vitnesbyrdet og tenesta. Då tvinnast forsoningas mysterium saman med det tidlause ansvaret for å gjere ein forskjell i ei foranderleg verd.<sup>8</sup> Det er slik det blir klart at kyrkja er noko meir enn ein humanitær organisasjon à la Røde Kors. Kyrkja er eit mysterium, uløyselig knytt til det heilt sentrale mysteriet i vår kristne tru – den inkarnerte, korsfesta og oppstandne Kristus.

I mange epoker av kyrkja sitt liv har det vore ein overhengande fare for at ho blir eit fellesskap som er seg sjølv nok. Det endar fort i noko sekterisk, noko tilkneppa.

Kyrkjias identitet som fellesskap inneber å vere sendt til verda, slik Kristus sende ut disiplane for å forkynne evangeliet og bere vitnemål og teikn til heile skaparverket om fellesskapet i Gud og med kvarandre.

Tunsberg bispedømme har i mange år hatt ein særleg vennsksapsrelasjon til den koptisk-ortodokse kyrkja i Egypt. Mange har henta inspirasjon både ved besøk hos biskop Biemen i Naqada og Qus, og ikkje minst på retreatsenteret Anafora hos biskop Thomas. I boka som Eyvind Skeie har skreve om Biskop Thomas les vi:

*Det står et usynlig alter mellom meg og alle dem jeg møter. Dette alteret finnes alltid der. Det er bare jeg som ser det. De andre skal fornemme og erfare at det finnes.*<sup>9</sup>

Det er viktig at utsikta frå alteret er fri, at verda - i det lokale og det globale - er med i bevisstheita og hjartet når eg feirar mi gudsteneste. Og at når eg i lag med menigheten i kyrkjias forbøn sukkar og ropar til Gud om nåde og kraft, ja, så merkast det at verdas naud er kyrkja si naud, at menneskas spørsmål er kyrkja sine spørsmål, og at skapingas gråt er kyrkjias gråt.

## Samling og sending

No har det handla mest om sendinga, om livet i kallet, slik Martin Luther ville ha sagt det. Å stille seg til Guds og nestens – og verdas – disposisjon og la seg uroe og ransake av spørsmålet som vart så populært i mange samanhengar for nokre år sidan: What Would Jesus Do? Ei kyrkje som møter kvardagsnauda bevegar seg samtidig mot sitt sentrum. Innover og utover heng saman.

Samlinga og sendinga, desse to perspektiva på gudstenesta og det kristne livet må ikkje spelast ut mot kvarandre. Igjen og igjen søker vi styrke og fornying ved kjeldene – bøna, Bibelen, gudstenesta og fellesskapet. Det sentripetale og det sentrifugale i ei jamn rytme.

<sup>7</sup> Kyrkohandboken I, s 138

<sup>8</sup> Fredrik Modéus: *En kyrka värd namnet*, 2021, s 21

<sup>9</sup> Eyvind Skeie: *Biskop Thomas. I kjærlighetens sirkel*, 2017, s 21

Gudstenesta før og etter dei tre gonger tre slaga heng i hop. Dei ortodokse snakkar om liturgien etter liturgien.

Vi samlast som fellesskap om dei heilage tinga og opnar oss for Guds tiltale, og når vi utfører våre daglege plikter, gjer vi kvardagen heilag.

## Dei gode samtalanane

Som biskop er det eit stort privilegium å få bruke tid saman med kyrkjeleg tilsette, rådsmedlemer, frivillige og alminnelege medlemmer i lokalkyrkja. No kan det nok somme gonger opplevast litt stressande å skulle førebu eit besøk av biskopen, det blir kanskje ikkje heilt alminneleg kvardag når eit fullpakka visitasprogram skal gjennomførast. Men eg er svært takknemleg for alle dei gode samtalar og opplevingar eg har fått ta del i, og som har kjendest svært viktige for vegen vidare i lokalkyrkja. Igjen og igjen blir eg stolt og glad når eg får sjå på nært hald kor viktig kyrkja er for menneske også i vår tid. Vi forvaltar ein stor kapital av tillit og tru og håp, som blir svært synleg når vi møter medlemmene våre og ulike representantar for lokalsamfunnet. Den beste måten å forvalte denne tilliten på og menneskes ønske om å høyre til, er at dyktige medarbeidarar utfører menighetens kvardagsarbeid med god kvalitet.

Vi treng å stoppe opp iblant for å stille dei grunnleggande spørsmåla, samtale om kvar vi er og kvar vi er på veg. Det gir visitasen godt rom for. Men den samtalen må halde fram også når biskopen er reist vidare. Vi treng ein brei samtale om kyrkja sitt oppdrag og få auga opp for kvarandre og korleis vi kan spele kvarandre gode. Vi må også våge å dele draumar og lengslar og lytte fordomsfritt og anerkjennande til kvarandre. Lytte ekstra godt til dei i randsonen, som kanskje ikkje vågar seg til å heve stemma.

Eg har vore heldig å ha ein del kontakt med Taizé-fellesskapet, og no ser eg fram mot bispemøtets studietur i august, der vi blant anna skal tilbringe tid i Taizé. Det er fascinerande å høyre historia om broder Roger som i 1940 forlot Sveits som var for trygt og komfortabelt under krigen, og så reiste han til den lille landsbyen Taizé i Frankrike. Han slo seg ned der og innleia eit liv i bøn, mens han tok imot flyktningar, blant anna jødiske, og ga dei ly.

Nokre år seinare grunnla dei første sju brørne det økumeniske fellesskapet Taizé, «*to live out a parable of community*», - altså for å leve ut ein fellesskapets liknelse. I regelen deira heiter det om korleis dei tek beslutningar i fellesskap. Det er priorens ansvar å fatte beslutninga til slutt, men først etter å ha lytta like oppmerksomt til alle – også den mest skye og beskjedne av dei.

*«If he senses a lack of real agreement on an important question, he should reserve judgement and, in order to advance, make a provisional decision, ready to review it later. (...) The prior knows best what each one is capable of; if a responsibility is to be given to a brother, he is the first to propose it.»*

Viss han altså registrerer at dei ikkje er einige i eit viktig spørsmål, skal han vente med å dra konklusjonen, og for å kome vidare berre lande ei midlertidig beslutning, for så å kome tilbake til saka. Prioren veit best kva kvar enkelt kan bidra med; viss eit ansvar skal gjevast til ein av brørne, er han den første til å foreslå det.

Dette er eit ideal å strekkje seg etter når vi snakkar om leiing i våre samanhengar også. For det første å ikkje la den mest høgrøysta og skråsikre vinne fram i alle diskusjonar, men aktivt oppmuntre den mest lågmælte til å dele sine tankar.

Desse tankane resonnerer hos meg med det Trond Skard Dokka uttalte i eit intervju til Ingvild Bjørnøy Lalims masteroppgåve for nokre år sidan: *«En ting som alltid har vært viktig for meg, det er å unngå en forståelse av prestetjenesten som en opphøyet autoritær tjeneste. Så jeg kombinerer på en måte et ganske høyt embetssyn med en form for presteideal som fremhever det ydmyke.»*

Det er ein konstant fare for at vi som kyrkje – med vår sårbare godværsmodell av organisering og leiing – blir eit fellesskap som i for stor grad blir prega av hierarki og styrt av profesjonelle medarbeidarar, på godt og vondt. Ei stabsdreven kyrkje.

Vi må våge å tenkje nytt om korleis vi inviterer andre inn til medarbeidarskap og frivillig innsats i lokalkyrkja. Det er heldigvis mange gode eksempel på at menighetene gir rom for den enkeltes gåver og motivasjon ved å spørre: kva kan du bidra med? I staden for at vi er opptatt av å fylle hola i vår ferdigtenkte aktivitetsplan.

## Del dei gode fortellingane

Noko av det mest gledelege ved avslutninga av ei visitasveke er å få tilbakemeldingar frå kyrkjefolk som seier: eg visste ikkje at det skjedde så mykje positivt i vår menighet. Gjennom rapportane som skrivast i forkant og programmet med alle sine element bidreg visitasen til å *gjøre kirkens nærvær synlig i lokalsamfunnet* (Visitasreglement for Den norske kirke). Vi øver oss i å hente fram dei gode fortellingane og dele dei frimodig.

Dette svarer godt på ei av dei klare utfordringane frå den fortsatt relativt ferske rapporten frå utvalet som arbeidde med *Den norske kirkes selvforståelse og rolle i det livssynsåpne samfunnet* (2024).

Eg siterer:

*Den norske kirkes kommunikasjon i offentligheten framstår som defensiv, kirkens talspersoner befinner seg ofte på kritikernes banehalvdel. Utvalget etterspør en mer offensiv og frimodig kirke. Kirken bør bli mer kjent for det den faktisk gjør (fellesskap, frivillighet, forebygging, verdiformidling, diakoni, sorg, livsriter, beredskap, kultur, etc) og ikke så mye for hva den mener, eller hva folk tror den mener. Kirken – både nasjonalt og lokalt – må bli mer bevisst på hvordan den kommuniserer ut i samfunnet, også i sosiale medier. Her kan man formidle inspirerende fortellinger, gjerne fra helt vanlig menighetsliv og fra menigheter som opplever vekst. En kan dele vitnesbyrd fra noen som har kommet til*

*tro, fortelle om ungdomsgudstjenesten, bibeltimen eller familieleiren. Gi folk troen på den «hellige, alminnelige kirke». Poenget er å skape begeistring for det som skjer i kirken, på en slik måte at vi som sitter i kirkebenkene kjenner oss igjen, og de som står nølende i randsonen blir fascinert og nysgjerrige. Mange menigheter er gode på dette, men utvalget ønsker seg flere!» (s 51-52)*

Her må vi oppmuntre kvarandre til å bli meir frimodige, og vi må arbeide målretta med korleis vi kommuniserer truverdig om lokalkyrkja sitt fellesskap og ulike møteplassar som opnar rom for tru.

Utvalet bak rapporten understrekar at det er som ein trusbasert aktør Den norske kyrkja skal delta i samfunnslivet. *«Det er Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte som er kirkens diakonale drivkraft. Den norske kirke har særlige forutsetninger for å være samfunnsengasjert og samarbeide med både offentlig sektor og ulike sivilsamfunnsaktører. Men kirken må bli mer bevisst sine ressurser og merverdien av et trosbasert og kristent nærvær i samfunnet. (...) Kirken har mye å være stolt over – vis det fram!»* (s 54)

Vi er privilegerte som har lovgjeving og styresmakter med eit uttalt ønske om å legge til rette for tru og livssyn i samfunnet, og som understøttar dette økonomisk. *«Det er bred oppslutning om visjonen om et livssynsåpent samfunn hvor religion og livssyns betydning for enkeltmennesker og for samfunn anerkjennes. Ytringsrommet er vidt og tilliten i befolkningen er unik, sammenlignet med de fleste andre land.»* Etter denne innleiinga i utvalsrapporten stillast det ransakande spørsmålet:

*«Tar Den norske kirke dette mulighetsrommet i bruk, eller er vi mer opptatte av hvordan det står til med de tradisjonelle aktivitetene og kurvene som peker nedover? (...) Er motivasjonen for endring positiv eller negativ? Skaper forandring ny frimodighet og pågangsmot hos kirkens ansatte og frivillige, eller blir de utmattet og demotiverte? Åpner kirken seg nå mer mot samfunnet, eller blir den mer innadvendt?»* (s 14f)

Desse spørsmåla fortener at vi tek dei på alvor og lar oss utfordre på både sjølvforståing og strategiarbeid.

## Ei verd i endring

Det er gripande og tankevekkjande å sjå korleis kyrkja igjen og igjen får den sentrale rolla når enkeltmenneske eller lokalsamfunn blir sett på prøve på ein særleg måte. Tankane mine går tilbake til nokre slike sterke eksempel i vår næraste historie: eg tenkjer på kvikkleireraset på Gjerdrum ved nyttårstider for nokre år sidan og på dei tragiske drapa i Kongsberg og på Torpo, for ikkje å gløyme det nasjonale traumet knytt til terroren i Regjeringskvartalet og på Utøya.

Sjølv om Norge tronar nesten på toppen blant land som sosiologar vil karakterisere som ganske så sekulariserte, og kanskje så mange som halvparten av våre landsmenn i

spørreundersøkelser svarer at dei ikkje trur på Gud, så blir kyrkja like fullt ein naturleg tilfluktsstad i krise.

Det er eit viktig ansvar for oss som Norges folkekyrkje (som det heiter i Grunnlova § 16) å ta den oppgåva og raust opne kyrkjene våre når menneske treng denne tilflukta og det fellesskapet som kyrkja inviterer oss alle til. Den norske kyrkja er den desidert største sivilsamfunnsaktøren med sine knapt tre og ein halv million medlemmer, betydeleg større enn nummer to, som er idrettsbevegelsen.

Det er heilt nødvendig og viktig at vi som kyrkje tek det nye mangfaldssamfunnet på alvor. Det betyr at vi må vere minst like opptatt av å lytte til både våre medlemmer og ikkje-medlemmene, slik at vi kan øve oss i å leve saman i respekt og toleranse, og akseptere at sjølv om vi har ulike religiøse dogmer og skikkar, ulike meiningar om diverse politiske eller filosofiske/ideologiske spørsmål, så er det éin ting som sameinar oss, og det er at vi alle er menneske og lengtar etter det gode livet. Og alle menneske er akkurat like verdifulle og har akkurat dei same rettane til å leve eit fritt og meningsfylt liv.

Dessverre har ikkje kyrkja alltid signalisert dette budskapet. Kristendommen er blitt brukt – eller rettare sagt misbrukt – til å stenge ute *den andre*. Tenk berre på jødeparagrafen og munkeforbudet i Grunnlova. Tilsvarande må vi gremme oss over korleis også kyrkja spelte ei rolle i statens fornorskingspolitikk overfor samar, kvener og skogfinnar, og kyrkja var dessverre sterk motstandar av at sex mellom menn skulle avkriminaliserast i 1972. Dette er nokre eksempel på at kristendom og kyrkje kan spele – og har spelt - ei tvilsam rolle, gjerne i allianse med statsmakta.

Vi kan ikkje akseptere eller tolerere at kyrkja lukkar seg inne og har nok med sitt eige – og sine eigne. Kristendom må ikkje få brukast til å bygge skranker og murar mot *den andre*. Dette er så langt frå kjerna i Jesu eiga verksemd og hans budskap. I programtalen sin i synagogen i Nasaret sa han: «*Herrens Ånd har salvet meg til å forkynne et godt budskap for fattige, for å rope ut at fanger skal få frihet og blinde få synet igjen, for å sette undertrykte fri, og rope ut et nådens år fra Herren.*»

Dette forpliktar kyrkja til det motsette av å lukke seg inne og ha nok med sitt eige – og sine eigne.

## Er verda sekulær eller religiøs?

Religionssosiologen Peter Bergers spådom for nokre tiår sidan - at religionen under andre halvdelen av det 20. århundre ville minke, for så til slutt å forsvinne i moderne samfunn prega av pluralisme og privatisering - har vist seg å ikkje slå til. Mot slutten av si karriere skreiv han at det fanst ein del evidens for denne teorien, men at han trudde at den i grunnen var feil. Størstedelen av verda er ikkje sekulær i dag, men tvert imot svært religiøs. Saman med andre forskarar har han sagt at utviklinga i Europa er unntaket heller enn normalen. Han skriv om *european exceptionalism*.

Den britiske religionssosiologen Grace Davie deler Bergers analyse:

*“The idea of European exceptionalism is increasingly, if not universally, accepted by scholars interested in the sociology of religion in the modern world. European patterns of religion are no longer seen as a global prototype, but constitute an unusual case in a world in which vibrant religiosity becomes the norm.”<sup>10</sup>*

Det er både spennande – og ikkje minst tidvis skremmande - å sjå korleis religion vinn terreng rundt om i verda.

Det er ingen tvil om at Norge og våre naboland tronar svært høgt på lista over sekulariserte land. Men kan det vere slik at vi er sekulariserte når det gjeld ord, men ikkje like mykje i handling? Finst det ein kristen identitet like under overflata?

Det er eit faktum at det går fleire på gudstenester enn på fotballkampar i Eliteserien og OBOS-ligaen til saman. Og alle lysa tent på kyrkjegardane rundt Allehelgen talar sitt språk.

Grace Davie peikar på at europeisk kristendom er prega av fenomenet «vicarious religion», vikarierande religion. Det inneber at ein aktiv minoritet utøver religion på vegne av eit langt større tal menneske, som i alle fall implisitt ikkje berre forstår, men også støttar det minoriteten gjer. Trua blir for dei mange forstått som ei personleg sak som ikkje inneber å ta del i eit fellesskap, men der ein gjerne ser at andre fortsatt har aktiv del i fellesskapet. Davie brukar denne formelen for å forklare dette fenomenet: «*believing without belonging*». Det vil seie at du har trua di, men definerer deg ikkje som ein del av fellesskapet.

Medlemsundersøkelsen som vart gjennomført i fjor fortel at 33 prosent av Den norske kirkes unge medlemmer i alderen 15–29 år (31 % i Tunsberg) ønskjer å lære meir om kristen tru. Til samanlikning er andelen 18 prosent for dei over 30 år.

37 prosent av dei unge oppgir også at dei leitar etter ei større meining i kvardagen.

73 prosent meiner at det å ha ei tru kan vere til hjelp i vanskelege tider, og 36 prosent er enige i at “kyrkja skaper håp for meg i ei uroleg verd”.

Meir enn åtte av ti meiner at Den norske kyrkja er ein viktig møteplass ved kriser og ulykker.

Det er nødvendig med ei nyansert forståing av religion og livssyn, konkluderer KIFO-rapporten, der varierende grad av religiøsitet og alternativ tru blir identifisert og anerkjent.<sup>11</sup>

Det er svært viktig å forstå korleis menneske i vår tid trur, håper og lengtar, og å skilje mellom sekulariseringas gode konsekvensar, som handlar om frigjering frå kyrkjas og

---

<sup>10</sup> Grace Davie, «The persistence of institutional religion in modern Europe», s 10-111 I Linda Woodhead, Paul Heelas & David Martin (red.), *Peter Berger and the Study of Religion*.

<sup>11</sup> Folkekirke i et livssynsåpent samfunn. Perspektiver på Den norske kirke 2019-2023, KIFO

religionens makt over samfunn, grupper og enkeltpersonar, og sekularismens manglande evne til å forstå trua som ein del av livet.

## Den gamle mannen og håpet

Når ein begynte å bygge kyrkjer i tidleg kristen tid, var det ikkje tilfeldig at inngangen vart plassert i vest. Ein skulle gå mot aust når ein gjekk inn i kyrkja.

Vest er mørkets himmelretning. Det er i vest sola går ned.

Aust er lysets himmelretning, det er der sola går opp.

- Sjå mot aust!, ropte diakonen på eit punkt i nattverdliturgien i oldkyrkja.

Ja, dei gjer det framleis i den koptisk-ortodokse kyrkja, som fleire av oss har fått oppleve ved besøk til vårt vennskapsbispedømme Naqqada og Qus i Egypt.

- Sjå mot aust!

I aust ligg det tapte paradiset. Allereie når dei gjekk inn i kyrkja, vende dei kristne livet sitt mot framtida og vart fylte av glede over det som no venta dei.

For nokre år sidan var den då 92 år gamle Jürgen Moltmann på besøk i Norge og fekk tildelt sitt æresdoktorat for den innverknaden han har hatt for teologi, preike og praksisar i kyrkjer over heile verda.

Typisk nok var temaet som denne håpets teolog hadde valt for si forelesning på MF: «*Hope – Power of Beginning – Power of Patience*».

Han innleia forelesninga si med desse orda:

*Some people may wonder: Why is an old man still concerning himself with hope at 92?*

*Er ikkje livet hans snart over? Burde han ikkje pensjonere seg og førebu seg på sin bortgang? Er han enno ikkje mett av dage og fornøgd med livet sitt? Kva ventar han enno på?*

Litt seinare svarar han sjølv på spørsmåla og seier:

*La meg dele noko veldig personleg med dykk: Jo nærare eg kjem døden, dess meir forventar eg å finne begynnelsen i avslutninga, og i døden fødselen til evig liv. Eg ventar lidenskapeleg på «de dødes oppstandelse og et liv i den kommende verden», slik det står i den nikenske truedkjenninga. Dette er «den nye himmel og den nye jorda, der rettferda bur». Når Gud tørkar alle tårer og gjer alle ting nye, då vil eg vere der. Det vil bli ei feiring som omfattar heile verda.*

Eskatologien, lærepunktet om håpet, er ikkje eit *element* i kristendommen, seier Moltmann i boka *Theology of Hope*, men er sjølve den kristne trua sitt medium, sjølve grunntonen, gløden som bles liv i alt, her i morgongryet til den nye dagen.

- Sjå mot aust!

Det er håp, for Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.